

# Kyrkjeklokka


Nr. 2 - 2011

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

75. årgang

## Kandidatlister til kyrkjevalet

Inne i bladet finn du oversikten over alle kandidatane til soknerådsvalet i september.



Side 4.

## Min salme

Serien om salmar som mange har eit forhold til held fram. Linda Håøy skriv om sin salme på side 16.



## Oddny skriv om framdrift

Om samarbeid mot felles mål og ressursane vi eig i born og unge.

Side 17.



## Ny leirsommar ventar!

Sommarleirar for born og ungdom er eit populært tilbod, og mange gler seg til å få nye venner, til aktivitetar og uteliv, og til forkynning med den kristne bodskapen i sentrum. Inne i bladet finn du informasjon om tilboda på dei to mest kjende leirstadane på våre trakter: Nesholmen i Hyen og Fjordly på Bryggja. Side 15.

God leirsommar!



## Møt katolikkane i Loen


I Loen kyrkje samlast katolikkane i indre Nordfjord til messe annakvar veke. Lokyrkja er til tider stappfull og behovet for eit slikt tilbod er tydeleg til stades.

Stor arbeidsinnvandring siste åra har styrka behovet for eit slikt tilbod, og katolikkane i området set stor pris på å få feire sine eigne gudstenester og er glade for initiativet frå - og samarbeidet med - den norske kyrkja lokalt. Kyrkjeklokka sin utsende var til stades ved ei messe i mai og formidlar sine inntrykk i reportasjen på side 12-13.



## Kyrkjetenarane på Kyrkjeeide

Les om Anders og Ivar og tenesta som kyrkjetenarar i Nedstryn - om jobben slik den er i dag og om slit for 100 år sidan, då bestefar deira gjorde teneste i kyrkja. Side 3.



## Ny medarbeider

Vi ønskjer Heidi Skålid Amundsen velkommen som ny trusopplæringsmedarbeider frå august! Les meir om henne på side 5.



# Et Credo for vår tid

Frå Karsten Isachsens si bok "Livsglede"



Trenger vi en ny trosbekjennelse?

Trosbekjennelsen ble til i en teologisk forvirret situasjon. Man begynte å legge til og trekke fra for å "harmonisere" evangeliet, tilpasse det, ta bort skarpe kanter. I en slik situasjon var det nødvendig å klargjøre mellom det vesentlige og det uvesentlige, og mellom det sanne og det falske.

Så fikk vi "credo". I den historisk gitte kampsituasjon klarte kirkefedrene på fabelaktig vis gjennom trosbekjennelsen å gi et fortsett uttrykk for maksimum av hva vår kirke tror og lærer. Evangeliet fremtrer i trosbekjennelsen i koncentrert form. Det er aldri smakeleg å drikke et konsentrat. Men i en kampsituasjon hvor frontene tåkelegges er det nyttig å klargjøre hva man kjemper for, og hva man strider imot.

I dag er situasjonen en annen. Gud er i ferd med å forsvinne ut i det tomme rom. Spørsmålet er ikke lenger hvordan Gud er, men om han i det hele tatt er. Derfor er det grunn til å spørre om kamptidens trosbekjennelse bør ha en så fremskutt plass i vår messe som den har. Den bedrø-

velige feilfunksjon som credo i dag utvilsomt har, er at den under krav om oppramsing—"la oss sammen bekjenne vår hellige tro" - fremkommer som et fortsett uttrykk for minimum av hva man må tro på for å være en kristen. Derfor blir den for de kirkefremmede en stengende dør inn til livet med Jesus. Det tilfeldige besøk i kirken forsterker for hver gang den forhasende konklusjon at veien inn til Gud er spikret igjen med dogmer som gjør omvendelsen til en u gjennomtrengelig prosess.

Ord som "Den allmektige Gud, født av jomfru, stod opp fra de døde, for opp, den hellige ånd" kommuniserer ikke like lett i vår tid.

"Kirken er den store bøyg mellom Gud og meg". Jeg har hørt setningen mange ganger. Ikke kald kritikk eller aggressiv argumentasjon. Men med fortvilelse, oppgitthet eller sorg. Da synes jeg grunnvollene rister under mine pastorale føtter. Da er ikke lenger hyrden den som hegner om sine troende, men den som står i porten og lukker den til.



Trosbekjennelsen er et fortsett uttrykk for maksimum av hva kirken tror og lærer. Minimum er kirkens første bekjennelse: Kyrios Christos. Kristus er herre. Jesus lever! Denne triumf er credos minimum. Og den er nok! Paulus sier det slik: "Var Kristus ikke oppstanden, da var min tro intet".

Retreat-senteret Sandom i Ottadalalen har etter hvert vunnet anerkjennelse for sitt liturgiske arbeid. I deres liturgi inngår daglig dette leddet:

**Liturg: Herren er oppstanden.**

**Svar: Ja, han er virkelig oppstanden.**

**Liturg: Kristus lever!**

**Svar: Han er midt i blant oss.**

Så enkelt er vår kirkes budskap.



Familie med 100-årig tradisjon:

# Kyrkjetenarar i 3 generasjonar

Av Tore Bøe

**Ved Nedstryn kyrkje ligg gardstuna tett innpå kyrkja, og dette nærværet har prega grenda rundt kyrkja i generasjonar. I år er det 100 år sidan Anders S. Kirkeeide tok til i stillinga som kyrkjetenar i Nedstryn, og seinare har både sonen Samuel og dei to sonesønene Anders og Ivar teke over stillingane i tur og orden.**

Kyrkjeklokka tok turen opp i Kyrkjeeids-grenda i slutten av mai, for eit lite intervju med Anders og Ivar om kyrkjetenarjobben slik den er i dag og slik den var før.

- Då bestefaren vår tok til i stillinga i 1911, var det mykje hardt arbeid knytt til kyrkjetenarjobben, bl.a. fordi ansvaret for graving av graver den gongen låg til stillinga. På vinterstid er det ikkje lett å hogge seg gjennom 70 cm tele med pigghakke og handemakt før ein kunne grave vidare, fortel Anders.

Han var kyrkjetenar frå 1961-2003, og tok over jobben etter faren, Samuel, som gjorde teneste etter sin far, frå 1951-1961. Noverande kyrkjetenar er nærmaste grannen og søskensbarnet til Anders, Ivar Kyrkjeeide, og han har hatt jobben sidan april 2003 og kombinerer den med stillinga som sekretær for soknerådet i Nedstryn og som bonde. Anders fortel vidare at heilt frå bestefaren si tid og fram til han sjølv sluttar i stillinga vart gravene gravde

med handemakt. Fram til slutten av 50-talet var vedfyring einaste oppvarmingskjelda i kyrkja, og det var kyrkjetenaren si oppgåve både å få ved på plass i kyrkjekjellaren, og sørge for oppvarming når kyrkja skulle brukast. Det var tidleg opp både yrke og helg og i gang med vedfyring i dei store støypejerns-



Fra v. Anders Kirkeeide og Ivar Kyrkjeeide ved gravsteinen til deira besteforeldre, Anders og Eline Kirkeeide.

ovnane som nokon sikkert enno hugsar. Karane kan hugse at bestefaren fortalte at før hans tid i jobben var det ikkje oppvarming i kyrkja i det heile. Skorsteinane kom først i 1904, og bestefaren mintes dampen av svette markrar som preikesondagane kom gåande, eller med hest og vogn - og klapringa av sko inne i kyrkja etterkvart som frosten beit seg fast i føtene nedover i benkeradene!

Anders og Ivar fortel og at gravferdsskikkane har endra seg mykje gjennom åra. Heilt fram til 1955 var det ikkje noko gravferdssemoni inne i kyrkja—alt gjekk føre seg på kyrkjegarden og ved grava. Det var

(Forts. på side 7)

## Kva gjer kyrkjetenaren?

Kyrkjetenaren sine oppgåver i dag er første å fremst å vere til stades i kyrkja når noko skjer og sørge for nødvendig "innvendig vaktmesterteneste" og tilrettelegging:

Innhaldet i stillinga varierer litt i dei ulike kyrkjene, men i Nedstryn er det desse oppgåvene som blir utført:

- Oppvarming
- Ringing med klokkene
- Innvendig rydding og reinhold
- Henge opp salmenr. på tavlene
- Medhjelpar for prest
- Sørge for at brød/vin til nattverd er til stades
- Styre lyd ved gudstenester
- Innvendig vedlikehald i samarbeid med kyrkjeverja
- Omvisning og informasjon om kyrkja ved besøk
- Låse opp og att kyrkja

Både Anders og Ivar har trivest godt i arbeidet som kyrkjetenarar, eit interessant arbeid der ein kjem i kontakt med mange menneske, men dei legg og til at ein også blir nokså bunden fordi ein må vere tilgjengelege når kyrkja skal brukast, og det er ikkje alltid lett å finne vikar.



# Kyrkjevalet 2011

## Kandidatlister

Den 12. september er det val på nye sokneråd og bispedømeråd, same valldagen som kommune- og fylkestingsvalet. Dei fleste stader vil røystinga for begge vala gå føre seg i nærliggande lokale. Det vil kome meir informasjon om gjenomføring av valet i aviser og media når valldagen nermar seg. Kandidatlistene for våre lokale sokneråd er no fastsette vi tek dei med her:

### Oppstryn sokn:

1. Marit Elisabeth Gjørven Berge
2. Kolbein Fred Ragnar Kaspersen
3. Øyvind Flo-Thorsdal
4. Berta Margrete Urke Berge
5. Birger Skåre
6. Sonja Skåre Esperø
7. Edvard Aarnes
8. Siv Petra Guddal Flo
9. Kolbein Fridtun
10. Oddny Elise Helle
11. Anne Marie Rudning
12. Laila Solheim
13. Gerd Berit Veum
14. Kari Nielsen Berge
15. Liv Emilsen

### Nedstryn sokn:

1. Tore Bøe
2. Alis Midlang Hunnes
3. Hans Ørjasæter
4. Kristin Aaning
5. Tor Guddal
6. Sigrid Oddrun Leite Paulsen
7. Astrid Ingebjørg Auolem Valaker
8. Karin Lunde Vinsrygg
9. Martin Jarle Oppedal
10. Turid Kråkenes Lefdal
11. Anne Mari Alden
12. Hilde Nesje
13. Knut Hatlelid
14. Grete Høynes Skåre
15. Bjørn Kåre Moen
16. Grethe Sunde Langeset
17. Lars Ytreeide Tjensvold
18. Line Bø Håheim
19. Sigrun Berge Raae
20. Jarle Fretheim Konstali-Lødemel
21. Oddbjørg Sissel Tunold Kroken

### Loen sokn:

1. Jorunn Solveig Tomasgaard
2. Stein Ove Sæten
3. Karin Magenbauer
4. Bjarne Strand
5. Ingri Grov Kämpf
6. Gunnar Albert Nystøy
7. Jorunn Brattaker Loen
8. Sissel Storøy Tennebø
9. Asle Loen
10. Hildegunn Marie Standal Dragsund
11. Egil Magne Olsbø
12. Mariann Rake Midtun
13. Finn Arve Hoem
14. Tone Lise Loen
15. Arne Frode Drageset

### Olden sokn:

1. Kari Synnøve Muri
2. Møyfrid Sømme Kvamme
3. Geir Flåten
4. Kjellaug Astrid Sunde Molnes
5. Ottar Åbrekk
6. Berit Johanne Muri Lundevall
7. Oddrun Elisabeth Grodås
8. Arvid Vanberg
9. Ragnhild Kvame
10. Kari Ragnhild Sunde
11. Gunnhild Karin Muri
12. Jakob Lars Aaberg
13. Halvard Muri

### Innvik sokn:

1. Berit Johanna Vambeset
2. Kjellaug Margretha Skåden
3. Asbjørn Heggdal
4. Asle Lyslo
5. Hildegjerd Håvåg Bjørlo
6. Dag Vanberg
7. Terje Raftevold
8. Bjørg Helen Kvame
9. Ingvild Ulvedal Tisthamar
10. Helga Marie Heggdal Fivelstad
11. Mariann Hilde Yri
12. Steinar Frøholm
13. Liv Britt Myrvang
14. Kristin Lyslo Søndenå
15. Cato Reme
16. Torill Olaug Bennæs
17. Ingvild Johansen

### Utvik sokn:

1. Anne Karin Eriksen
2. Roar Verlo
3. Jorunn Skinlo Verlo
4. Bjørg Anita Valaker Njøsen
5. Torill Hage
6. Rolf Erlend Hilde
7. Tor Anders Hestad
8. Lindy Paulen
9. Frode Richard Blindheim
10. Åse Torill Hestad
11. Kjetil Berge
12. Kjell Bruland
13. Per Bjarne Tisthamar
14. Paul Henning Loen
15. Ola Steinar Hestenes
16. Anne Lise Egge
17. Heidi Therese Sunde
18. Olav Rune Myklebust

### Hornindal sokn:

1. Ole Andre Dahl
2. Elsa Aslaug Ommadal
3. Christine Helgesen Haugen

4. Marte Kristi Utvær
5. Øyvind Seljeset
6. Kari Agnete Svarstad
7. Olaf Bakke
8. Kristin Lødøen
9. Bjørn Inge Lødemel
10. Anne Elin Ekornesvåg
11. Rasmus Einar Brendefur
12. Torill Flo Kroken
13. Hans Østerbø
14. Kristi Elisabeth Muldsvor
15. Nils Petter Lillestøl
16. Susanne Maria Hove Sollid
17. Gunnar Øren
18. Solveig Heggen
19. Hans Petter Storevik
20. Astrid Elisabeth Berteig Svår

### Randabygd sokn:

1. Reidar Magne Sørland
2. Trine Marie Aanonsen Alme
3. Eivind Rune Hopland
4. Elisabeth Strøm
5. Jan Ove Hopland
6. Eldrid Kristin Tvinnereim Aaland
7. Olav Brendehaug
8. Lene Olsen
9. Rolf Magne Aaland Hellevang
10. Monja Johanne Tytingvåg Aaland
11. Roger Aaland
12. Torunn Egge

### Nordsida sokn:

1. Rune Berglid
2. Grete Elin Roset
3. Odd Magne Nygård
4. Anne Stubdal
5. Oddvar Bergset
6. Knut Sigurd Gald
7. Aud Kirsten Ulvedal
8. Elin Ingrid Auolem Berglid
9. Isak Gald
10. Randi Oddveig Jøingsli
11. Olaug Kristin Tunold Aarøen
12. Gunnhild Bergset
13. Astrid Reidun Berglid Bakken
14. Kolbjørn Roset



## Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)

Redaktør for dette nummeret er:  
Tore Bøe  
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsførar/abonnement:  
John Selmer Skiftesvik,  
6788 Olden, tlf. 57873385  
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenten er frivilleg.  
Vi takkar for betaling og støtte!

## Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

**INNVIK** prestekontor  
Tlf. 57874123  
Mobil 91184241  
Sokneprest Harald Runde  
Kontortid:  
Tysdag, onsdag og fredag kl. 10-12  
Privat 57874115  
[harald.runde@c2i.net](mailto:harald.runde@c2i.net)

**STRYN** prestekontor  
Tlf. 57874812  
Mobil 91103134  
Sokneprest Kjetil Netland  
Privat 57871029  
[kjetil.netland@stryn.kommune.no](mailto:kjetil.netland@stryn.kommune.no)

**HORNINDAL** prestekontor  
I sokneprest Mari Saltkjel sitt permisjonsfråver vil tenestene blir fordelte slik:  
- Ved henv. om dåp og vigslle, attestar, spm. om konfirmasjon ol. ring kyrkjeveje Anne Lødemel Honningsvåg tlf. 57879833 / 97084120  
Kontortid måndag 08-15 og torsdag 09-13.  
- Ved behov for kontakt med prest på dagtid: ring fung. prost Sigurd Vengen på tlf. 48096093, og etter kl. 17 og i helgane: Beredskapstlf. for prest: 95481798

## KYRKJEVERJER

### Stryn kommune

Svein Ronne  
Tlf. 57874811  
Mobil 91327882  
[svein.ronne@stryn.kommune.no](mailto:svein.ronne@stryn.kommune.no)

### Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg  
Tlf. 57879834  
Privat tlf. 57879653  
Mobil 97084120  
Måndag 8-15, torsdag 9-13  
[anne.honningsvag@hornindal.kommune.no](mailto:anne.honningsvag@hornindal.kommune.no)

# Born og unge får trusopplæring i indre Nordfjord


Av Rut Solveig Nydal Netland

### PLAN:

Heile indre Nordfjord har no fått ein plan for trusopplæring. Alle dei 9 sokna og dei frivillege kristne barne- og ungdomsorganisasjonane har arbeidd mykje dette vårsemersteret med planen.

### SOKN:

Kvar sokn har sine tiltak. Ein ønskjer at dei minste borna skal få delta på samlingar og arrangement i nærmiljøet sitt. Difor har sokna ein del lokale tiltak. Når borna og ungdomane veks til, er det samlingar og tiltak på tvers av sokna og breiddetiltak for heile Nordfjord.



Soveposesamling framme ved alterringen i Oppstryn kyrkje. Alle syng "Folkefrelsar til oss kom" og lagar bøner til kyrkjebøna på Lys Vaken-gudstenesta dagen etterpå.

### ALDER:

Frå borna er 0 år til og med 18 år er det planlagt tiltak på kvart alderssteg. Det er tiltak der foreldra kan ta med dei små borna og tiltak der borna og ungdomane etterkvart tek aktivt del sjølve.

(Forts. på side 14)


## Velkommen til ny medarbeider

Heidi Skålid Amundsen er tilsett i den ledige stillinga som kyrkje-lydspedagog, og tek til i jobben frå august. Saman med Sigrun Reinhardtsetn skal ho arbeide med trusopplæring i sokna våre, og vi ønskjer henne hjarteleg velkommen! Ein gründigare presentasjon vil kome seinare. Her er hennar eigne ord om seg sjølv:

- Jeg er 22 år og kommer fra Svelvik i Vestfold. De siste fire årene har jeg bodd i Oslo på grunn av et år på bibelskole og studier. Jeg har studert *ungdom, kultur og tro* ved Det teologiske menighetsfakultetet. Gjennom studiet har jeg lært mye om ungdomsarbeid i en kirkelig kontekst. Jeg har hatt mange ulike fag som kristendom, kulturanalyse og diakoni. Jeg er glad i mennesker og glad i Gud og nå gleder jeg meg til å flytte til Stryn!



Heidi Skålid Amundsen



Av Jon Ytrehorn

*Tankar langs vegen ...*



## Våre lokale innvandrarar - korleis møter vi dei?

**Debatten om norsk innvandringspolitikk kan vere svært så heftig. Nokre ropar på innstramming, andre på liberalisering. Men ein ting undrar meg. Mange har sterke meininger om dette spørsmålet, men færre synest å engasjere seg i korleis ein lokalt, som enkeltpersonar og lokal-samfunn, kan skape tiltak med sikt på at våre nye landsmenn kan inkluderast i bygdefellesskapet på ein god måte.**

DET ER LETT å ha meininger innvandring og andre kjenslelada rikspolitiske spørsmål. Det er tyngre – men like viktig - å sjølv gjøre noko for innvandrarane der ein bur. For det er på lokalplanet det skjer.

Det er her dei opplever om dei er velkomne eller ikkje.

DEI SISTE ÅRA har vi fått ein jamn straum av innvandrarar til landet vårt. Også i bygdene våre ser vi at våre nye landsmenn set sitt preg på dagleglivet. Nokre kjem frå andre europeiske land, andre frå land og kulturar lenger unna, som Latin-Amerika, Afrika og Asia. I samtale med begge desse gruppene kjem det fram fleire gledelege ting. Dei fleste opplever at det har gått greitt å få seg arbeid, og at dei har blitt godt mottekte på arbeidsplassen. Dei er takksame for gratis språkkurs og for sosiale støtteordningar som har vore til stor hjelp. Og dei opplever at nordmenn flest er hyggelege og høflege mot dei.

MEN PÅ EITT område kjenner dei på problem. Bak vår hyggelege og høflege ytre merkar dei ei form for sperre: At vi

nordmenn i ikkje ynskjer å sleppe dei for nær inn på oss. Mange av dei kjem frå ein kultur der ein langt meir impulsiv og spontane enn kva vi er. Dei opnar med glede både seg sjølve og hei-men sin for nye menneske. Men hos oss møter ein annan kultur. Og det alvorlege er at dei lett tolkar våre norske omgangsformer som uttrykk for at dei ikkje er velkomne hit til landet vårt. Unntak finst, og godt er det.

OMGANGSFORMER er ikkje noko ein endrar over natta. Og er fleire forstäälelege grunnar til at mange kvir eg på å knyte nære kontakter. Språkproblem er ofte ei hovudårsak. Men også tidsklemma, småbarnsfamilien i dag har lite tid og overskot etter ein travel kvardag.

**“ Det er lett å ha meininger om innvandring.... Det er tyngre - men like viktig - å sjølv gjøre noko aktivt for innvandrarane der ein bur.**

Men det som ikkje er greitt er når ein bevisst avstår frå å ta kontakt med nyinnflytta i nabolaget. Eller at ein ved sosiale tilstellingar unngår å setje seg ved eit småbord der det sit ein mørkhuða!

EIT TILTAK som kan tene som føredøme og inspirasjon er "Haustfest med mangfald" i Frendehall på Fjelli sist i oktober. På Nordsida oppdaga ein at det budde folk frå heile 9 nasjonar! Ein komite på to nordsidarar og ein innflyttar sette seg føre å lage ein festkveld for å styrke kontakt og fellesskap mellom bygdefolk og innflytтарar, eller dei som hadde gjort landebyte, som var ordet ein nytta. Over 100 menneske møtte fram, store og små. Av desse ein fjerdedel frå andre land. Det vart ein kveld som skapte ny kontakt og opna for rika-

re fellesskap mellom bygdefolk og dei som hadde gjort landebyte, fortel Gunnhild Bergset.

I BIBELEN finn vi fleire oppmodingar om å ta vel imot innflytтарane. Det vert m. a. vist til at Israelsfolket sjølve hadde vore innflytтарar i Egypt (2. Mos 22.)

Ikkje minst er Jesu ord i Bergpreika "Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de og gjera mot dei" (Matt 7,12) ei

eviggyldig rettesnor om å setje oss inn i andre menneske sin livssituasjon, og handle deretter. Å knytte kontakt og kjennskap med dei som har gjort landebyte er noko vi må lære å sjå på - ikkje som noko kvidasamt eller färefullt - men

som ein rikdom! Vi har noko å gje til dei, og dei har noko å gje

oss. Saman kan vi gjøre kvardag den rikare for kvarandre. Dessutan: Nærkontakt hjelper oss til å la fordomar falle!

EG HAR EIN DRAUM: At gode krefter i bygdene våre kan å gå saman om ein fellesskaps-kveld for bygdefolk og dei som har gjort landebyte, der kontakt kan knytast og fellesskap utviklast, slik dei gjorde på Nordsida. - Dessutan, på det meir heimlege planet: At vi denne sommaren kan invitere heim til oss ein eller fleire innvandrarar i nabolaget vårt eller slike som vi har vorte kjende med i på arbeidsplassen, i idrettslaget, kyrkjja eller andre stader. Invitere dei til ein prat over hagebordet med vafler og syltetøy. Sånn i all enkelheit!

**God sommar!**

**Da jeg kom som en fremmed,  
var du der, var du der?  
Da jeg kom som en fremmed,  
var du der?**

**Hvem du er, hvor du lever,  
det er en ting som teller:  
Var du der?**

Frå salmen "Da jeg trengte en neste"  
Norsk salmebok nr. 707

# 75-års markering av den andre Lodalsulukka

Av Olav R. Faleide

I år er det 75 år sidan den andre Lodalsulukka, og dette skal markeras den 11. og 13. september. I



samband med dette har Stryn kyrkjelege fellesråd fått rusta opp dei freida gravminna etter Lodalsulukken og Loen sokneråd har fått pussa

og lakka minnesmerka på Kyrkjebakken. Det er Per Arne Tøsse i Innvik som har stått for arbeidet både med bautaen og med minnetavla ved Nesodden i Lodalen. Loen sokneråd vil

seinare komme tilbake med eit meir detaljert program for markeringa, men det kan nemnast at det vil verte halde friluftsgudstjeneste ved krossen på Nesodden og kyrkekaffi med program i Kjenndalssstova søndag den 11. september, og

ein minneprogram med kransenedlegging i Loen kyrkje tysdag den 13. om kvelden.

Foto: Vegard Solheim

**Utvidinga av kyrkje-garden i Loen** er på det nærmaste ferdigstilt, og det er Lars Kveen AS som har utført arbeidet. Rett nok står det att såing og planting, like eins skal gjerdet forlengast. Som vanleg er i samband med endra bruk av areal, vart det på førehånd gjennomført arkeologiske undersøkingar og kartleggingar av området bildet viser. Det vart då slege fast at her tidlegare har lege eit langt stolpehus, og dette funnet vakte oppsikt i arkeologiske fagmiljø på grunn av storleiken.

Kyrkja sin parkeringsplass er også utvida med 18 biloppstillingsplassar på sørssida av kyrkjegarden.



Fra den ny-utvida kyrkjegarden i Loen.  
Foto: Vegard Solheim

(Forts. frå side 3)

vanleg at gravfølgjet kom gåande opp bygda etter kista, som vart frakta med hest og vogn. Ved kvart gardstun stoppa følgjet og song ein salme før ferda gjekk vidare. Kyrkjetaren skulle starte ringinga for den døde når følgjet svinga ned mot kyrkja.

Også kvinnene i grenda har gjennom tidene hatt arbeid i kyrkja, særleg med reinhaldet. Siste åra har dette vore ein del av kyrkjetaren sine oppgåver.

Omvisting og informasjon til besøkande har og vore ei av oppgåvene, fortel Anders. Mange underar seg på kvifor kyrkja ligg i eit gardstun midt opp i bygda, og ikkje nede i sentrum. Grunnen er nok at i mellomalderen, då første kyrkja vart bygd her (truleg ei stavkyrkje), var ikkje Ton-

ning noko senter i bygda, slik det er i dag. Gardane låg like spreidde her som oppover i bygda. Segna fortel også at det på Kyrkjeeide i førkristen tid var eit gudehov for norrøn gudsdyrkning. Nede ved elva ligg ein stad som vert kalla Gildevangen, så her har det nok vore samlingsplass gjennom mange hundreår!

Livet i bygda, med både sorg og glede, kjem nært innpå alle dei som bur rundt kyrkja, og både kyrkjetnarane og familiene deira er vane med å møte menneske i alle livets fasar ved kyrkja. Både Anders og Ivar nemner at dei fleste i bygda er flinke til å sjå etter og stelle med gravminna dei har ansvar for. Det er ein fin skikk at mange heidrar dei som har gått bort ved å pynte grave ne med blomster og ved å tenne gravlys.

## Trond Lilleheim vi-karprest i Hornindal prestegjeld

Sokneprest Mari Saltkjel har fått utvida permisjon til i januar 2011. Vikariat vart utlyst, og prosten har tilsett Trond Lilleheim fra Åkrehamn som vikarprest i Hornindal prestegjeld i tidsrommet 1. juli 2011 til 15. januar 2012. Trond Lilleheim er fødd i 1967 og har bakgrunn som misjonsprest på Madagaskar. Han blir busett i Hornindal. Familien blir førebels buande i Åkrehamn. Nærare presentasjon vil kome seinare. Vi ynskjer vikarpresten varmt velkommen til prestegjeldet vårt, og ber om Guds signing både over han og over store og små i familien Saltkjel i Stockholm. J.Y.

# kort sagt

“

## DEN SANNE PESSIMISME

Der er intet man blir mere pessimist af end at sidde og ha glemt hvad man er trist af.

*Kumbel*

”

Det er farlig å ville være som alle andre, for det er naturstridig, det er imot Guds lover, for i alle jordens skoger og hager har han ikke skapt ett blad som er likt et annet.

Paulo Coelho

## BRENNANDE LIV:


### Ny bok av Vidar Bergset om Kaj Munk

Av Jon Ytrehorn

Den pensjonerte læraren Vidar Bergset på Fjelli er både allsidig og aktiv. M. a. har han gjeve ut fleire bøker: Barnebøker, diktsamlingar, novellesamlingar og andaktsbøker. Denne gongen bryt han nytt land med boka "Brennande liv", ein biografi om den danske presten, diktaren og motstandsmannen Kaj Munk (1898 – 1943).

Bergset fortel at vart gripen av Kaj ynskt å skrive ei vil vite at den frit-presten vart brukarane under kri i skrift og tale ret av den nazistiske enn kva den tyske kunne tåle.

Bergset følgjer Kaj i Maribo på Jylmåtte late livet, Vesle Kaj hadde Faren døydde då år, mora døydde guten viste make 9 år gammal gav diktet. Seinare



essay, drama og preikesamlingar. Han var uredd og kontroversiell, allsidig og aktuell. "Ein mangfaldig og rik forfattarskap der det levande ord ikkje berre var velskrive, men fylt med ånd og varme, utsyn og profetisk mynde", som Bergset skriv i føreordet.

Det mest kjende verket er nok "Ordet", kome både som bok, film og teater. Her gjorde Kaj Munk det uhøyrde: Han let eit under skje på scena! Den danske filmen er halden for å vere eitt av dei fremste filmverka i Danmark gjennom tidene. Stykket går denne våren også på norsk teaterscene.

Boka ber preg av at forfattaren har gått grundig til verks. Bergset skriv levan de og engasjerande, boka er veldisponert og lettlesen - og gripande. Bergset fortener takk for at han har gjeve oss ei bok om eit menneske som brann for det han trudde på. Slike menneske treng vi å bli minne om i dag!

## Visst kom våren!

Flott konsertoppleving for ca. 120 frammøtte i Nedstryn den 22. mai, då verket "Visst skal våren komme" vart framført med to kor, orkester og songsolistar under leiing av dirigent Henny Koppen.

Verket bygger på tekstar fra Johannes openberring og tekstforfattar Eivind Skeie og komponist Sigvald Tveit greier her å formidle både vårkjensla og håpet om ei ny tid på ein fin måte. Stryn Blandakor og Frostskoddekorret formidla dei mektige songane med stor songglede og fekk god støtte frå orkesteret med lokale og eksterne musikarar: Ketil Rasmussen, Jon Are Steen, Jan Nygård, Svein Hunnes og Marcelle Degr. Åshild Ulvedal Bøe var tekstlesar og Jan Gudmund Skrivervik og Siv Aurdal var songsolistar—eit populært gjenhøyr etter at dei også samarbeidde ved framføringa av jubileumsverket Høgsongen i 2009.



Fellesprosjektet med Stryne-kora fall i smak hos publikum i Nedstryn-kyrkja.

**“** Det finst ei usunn og ei sunn lære om endetida. Tidfesting av undergangen er eit sikkert teikn på ei falsk lære. Jesus sjølv var kompromisslaus mot dei som prøvde å fastsett tida for hans gjenkomst. Når ikkje Gud eingong let sin eigen son vite tidspunktet, er det lite sannsynleg at ein radio-evangelist frå California får det.

*David Østby, utviklingsredaktør i Korsets Seier, Pinsebevegelsen*

**“** Denne verden er bare en bro.  
Gå over den, men bygg ikke ditt hus  
på den.

*Indisk visdomsord*

## Takk til Annlaug Hole Nygård

Annlaug har vore eit av ankerfesta i søndagsskulearbeidet i Hornindal i nesten tretti år, mange av åra som hovudleiar, og ho la ned eit stort arbeid for borna i

Hornindal frå hausten 1980 og fram til ho slutta i januar 2010. Det var tydeleg at Annlaug hadde stor glede av å vere i lag med borna og at det var svært gjensidig. Ho formidla bibelforteljingane og den kristne bodskapen på ein varm og glad måte.

Ved gudstenesta 13. mars takka soknerådet, ved leiar Ole Andre Dahl, Annlaug for arbeidet ho har gjort.



*Velfortent takk til Annlaug for mangeårig innsats!*



### Vinteren

har vore lang og kald i år og telen har herja på fleire av gravplassane i kommunane våre. Vi oppmodar om at dei som har tilsyn med gravminne tek ein tur på gravplassen og ser etter "sine" graver. Dei som treng hjelp til å rette opp gravsteinar kan ta kontakt med kyrkjeverja om dette.

### Puter i kyrkja

Det har vore etterlyst sitteputer til kyrkjebenkane i Nedstryne, og det blir no arbeidd med å finne ei god løysing for dei som får "tresmak i baken" av kyrkjebenkane. Inntil vidare har kyrkja fått låne ca. 30 enkelputer frå Lo-

## På kyrkjebakken



kyrkja. Desse putene er plasserte på bakerste benken i kyrkja, til venstre for inngangsdøra, og dei som har behov for det kan forsyne seg. Fint om du også legg puta tilbake dit etter bruk!

### Opne kyrkjer i sommar

Fleire av kyrkjene våre held sommar-

## Seljumannamesse 2011

30.juni – 3. juli :

*Innleiande pilegrimswandring mot Selja*

*Konsertar med St. Hallvard-guttene:*

30.06. kl. 19 i

*Nord-Vågsøy kyrkje*

01.07. kl. 20 i

*Vanylven kyrkje, Slagnes.*

02.07. kl. 20 i *Selje kyrkje*

3. juli kl. 11.00: *Seljumannamesse i Selje kloster.*



*Biskop Halvor Nordhaug predikant. Prestar frå Nordfjord og Vanylven. St. Hallvard-guttene*

*Webinfo: [www.seljumannamesse.no](http://www.seljumannamesse.no)*

ope på dagtid, og det gjeld desse:

- Olden gml. kyrkje: 15/6-15/8 kl 10-17
- Olden kyrkje: 15/6-15/8, kl. 10-17
- Oppstryn kyrkje: 1/7-10/8, kl. 10-16
- Nedstryne kyrkje: 15/6-15/8, kl. 9-19
- Utvik kyrkje: 23/6-10/8, kl. 10-18

I tillegg er også Loen kyrkje sommaropen, utan at bestemt tid er fastsett. Hornindal kyrkje blir ikkje open i sommar pga. måling av kyrkja og planlagt anleggsarbeid på Kvivsvegtraseen.

### I Nordsida

er Oddvar Bergset tilsett i stillinga som kyrkjetenar frå 1.4.11. Han er og organist i same kyrkja. Soknerådet er glade for å ha funne ei god lokal løysing i denne saka, les vi i møteboka frå Nordsida sokneråd.



### Konfirmantar i Oppstryn

Bak frå v.: Sokneprest Kjetil Netland, Jonas Rogne, Olav Matias Andersen Flo, Anders Olav Meland, Iver Vonheim (konf. i Nedstryn krk), Sigmund Hamre Tunold, kyrkjelydspedagog Sigrun Reinhardtse. Framme frå v.: Alma Marie Krogh Berstad, Ingvild Hatledal, Kristina Benedikte Mork, Kristine Erdal, Tove Hjelle, Malin Flo Muri. (Foto: Egil Aabrek)



### Konfirmantar i Loen

Bak frå v: Johanne Marie Nesdal, John Marius Myklebust Berger, Mathilde Røyseth Rake, Vegard Lindvik Auflam, Hildegunn Kristiansen Strand, sokneprest Kjetil Netland, Framme frå v: Åse Katrin Hogrenning, Ida Sønsterudbråten, Solfrid Rake, Ingrid Kvåle Faleide, Rebecca Magdeli Rauset Skogli. (Foto: Egil Aabrek)

### Konfirmantar i Nedstryn

4. rad frå v.:

Kyrkjelydspedagog Sigrun Reinhardtse, Henrik Aarnes Kleppe, Markus Beinnes Fredriksen, Rikard Andreas Mulelid Hartvigsen, Henrik Nesje, Øystein Tynes Lunde, Ivar Hunnes, Kristian Grodås, Georg Kristian Halsteinslid, Jonas Fotland Fænn, Kenneth Aaland, Martin Sunde, Thomas Revheim Erdal, Kristian Heggestad Kvamme, Tore Martin Valvik Grøneng, Emil André Nesje, Runar Walaker, sokneprest Kjetil Netland,

3. rad:

Erik Heggestad Blaalid, Iver Vonheim, Hallvard Sindre Syversbråten, Vegard Løkkebø Øvreseeth, Astrid Stensvand Tenden, Vanessa Sunde Hoel, Eline Blaalid, Eline Rebekka Gjerde Egge, Daniel Timurtas.

2. rad:

Marianne Høynes Skåre, Sofie Lunde, Anette Auflam, Mari Frausing, Christine Eikenæs Isenhag, Emilie Eikenæs Vik, Ingrid Ringstad Øvreberg, Johanne Dybenvold, Maria Kjellstadli Skylstad

1. rad:

Victoria Sundland Fure, Line Skår, Sandra Dalebø, Malin Isabel Olsen, Hanne Martine Bø Hunvik, Camilla Vonheim, Siri Nikoline Hegna Tenden, Pernille Lødøen Flo, Ida Sønsterudbråten (konf. i Loen krk), Annika Louise D. Opheim, Heidi Gald, Amalie Vik Strand (Foto: Egil Aabrek)



### Konfirmantar i Olden

Bak frå v.:

Sokneprest Harald Runde, Viviane Máté, Marthe Eide Hovelsen, Kristian Sunde Risøy, Marius Muri Nesje, Are Auflam Tenden, Anders Egset, Benedikte Amalie Melheim Stokke, Stine Hafssås, Mariann Gytri, Pernille Min Yi Briksdal, Lina Vangberg Solstad, Christine Nivalsaker Kjørsvik, Adele Høgalmen Solheim.

(Foto: Egil Aabrek)

### Konfirmantar i Hornindal

Fremste rekke fra venstre: Kyrkjelydspedagog Sigrun Reinhardtse, Siren Amalie Nygård Heggen, Beate Lillestøl, Anna Amalie Espé og sokneprest Jon Ytrehorn

Andre rekke fra venstre: Cathrine Mjåtvæit Lødemel, Karoline Gullbrå, Anna Hofseth, Kristine Kroken og Marie Haugen.

Tredje rekke fra venstre: Torbjørn Hovden Flåm, Andreas Nordang Seljeset, Marcus Oskar Heggen Solum, og Sindre Kristoffer Kiviranta. Bakerste rekke fra venstre: Knut Aasgaard Kirkhorn, Lars Kåre Tvinnereim, Johannes Kirkhorn, Erlend Espé og Brede Fannemel.



### Konfirmantar i Nordsida

Fra venstre. Elisabet Skilbrei Hilde, Amalie Susanne Berstad Isene, Rosemarie Berglid og kyrkjelyds-pedagog Sigrun Reinhardtse. (Foto: Rune Berglid)



### Konfirmantar i Ranabygd

Fra venstre. Emil Skrede og Gina Agathe Takle Tytingvåg.  
(Foto: Reidar Sørland)



### Konfirmantar i Innvik

Framme fra v.: Ole Kristian Sumagang Gjerde, Håvard Næss Skåden, Petter Heggdal, Mariell Årdal Solbu, Marte Barnung, Ragnhild Kårstad, Camilla Sunde, Mirjam Runde. Bak fra v.: Rasmus Johansen Dragesæt, Alexander Presthus, Erling Tenden Myklebust, Renate Lillevik Kjellevold, Oskar Raftevold, sokneprest Harald Runde (Foto: Kjell Mortveit)



### Konfirmantar i Utvik

Fra v.: Sokneprest Harald Runde, Nellie Hilde Hauge, Birgitte Berge, Synneve Talsæte Aaland, Vegard Bruland, (Foto Agnes Flaten)

# Katolske messer i Loen

## - fyller eit viktig behov

Av Tore Bøe

**Det kyrkjelege landskapet i indre Nordfjord er meir mangfaldig enn mange er klar over. Nokre har kanskje registrert at den katolske kyrkja no tilbyr gudstene nester i vårt område, men få veit særleg mykje om dette. For å bøte på det var Kyrkjeklokka på besøk på ei katolsk messe i Loen i mai og møtte katolikkar som er busette i Stryn og Hornindal som ga uttrykk for at tilbodet fyller eit viktig behov i deira liv.**

### Dekkjer heile fylket

"Soknet" til Pater Dariusz Buras dekkjer heile Sogn og Fjordane, og høyrer inn under den katolske kyrkjelyden St. Paul i Bergen. I alt har han ansvar for messer og oppfølging av kyrkjemedlemmer på åtte ulike stader i fylket. I tillegg til Loen har dei regelmessig messer også i Førde, Florø, Sogndal, Eid, Leirvik, Vangsnæs og Øvre Årdal. Oppslutninga om messene er aukande, grunna den store arbeidsinnvandringa dei siste åra, særleg frå aust-Europa.

### Mange nasjonalitetar

Pater Dariusz er sjølv polsk og den dagen Kyrkjeklokka var på besøk starta messa med handsopprekking på spørsmålet om kva nasjonalitetar som var representert. Denne dagen var fleirtalet polakkar, så messa vart forretta på polsk og salmane var og på polsk. Som einaste nordmann vart det ei utfording å forstå kva dei ulike ledda i messa handla om, men eg fekk det godt forklart av pater Dariusz i etterkant. Messa har mange fellestrek med våre gudstene nester, med truvedkjennung, lovprising, kyrkjebøn, tekstlesing, preike, nattverd og velsigning. Katolikkane sin religiøse identitet ga seg uttrykk i fysisk forstand ved at dei kneler og korsar seg fleire gongar i løpet av messa, både når dei kjem inn i kyr-



Pater Dariusz t.v. saman med Małgorzata Czucha med vesle Sebastian på armen og pappa Miroslaw Pirog t.h.. Framme nokre av dei andre borna som var med på messa.

kja, og i benkane. Denne symbol-handlinga har katolikkar og protestantar felles, men er mest vanleg hos katolikkane.

Denne maidagen er Lokyrkja om-trent halvfull–uvanleg få i følgje pater Dariusz. Mange av katolikkane hadde vore i Førde same dagen, for der var det felles katolsk konfirmasjon for heile Sogn og Fjordane, og difor var frammøtet i Loen mindre enn vanleg.

Pater Dariusz fortel at messene i Loen vanlegvis samlar mange nasjonalitetar, og nemner slovakar, polakkar, menneske fra Baltikum, Ungarn, Filippine-ne, Sri Lanka, og i sommar sesongen kjem det ofte hotell gjester frå

Alexandra og deltek på messene.

### Arbeidsinnvandring

Nordfjord Kjøtt har mange tilsette frå Slovakia og dei fleste av desse er katolikkar, og sluttar godt opp om messene. Mange polske familiar og enkeltpersonar har slege seg ned i bygdene våre dei siste åra som følge av behovet for arbeidskraft, og

(Forts. på side 13)



Mange ville prate med pater Dariusz etter messa.

(Forts. frå side 12)

mange av dei er også trufaste med å møte opp på messene i Loen. Miroslaw, som eg snakka med etter messa, ga uttrykk for at tilbodet som no er bygt opp bl.a. her i Loen, er svært viktig i livet til mange katolikkar i området. Mange slit med å finne seg til rette i eit framandt land - med språkproblem, kulturforskjellar osv. Då er det ofte avgjerande at ein får behalde sin religiøse identitet, med kjende skikkar, songar og ritualer.


Etter messa i Loen stansa mange av kyrkjelyden att og stilte seg i kø for å få ei kort samtale med pater Dariusz om ulike tema eller spørsmål dei ønskte å drøfte, og pateren tok seg tid til å snakke med alle.

### Solidaritet i praksis

På same måten som vi er vane med offer til ulike formål på våre gudstjenester, var det også ofring på messa i Loen. Men denne dagen var spesiell, for slik eg oppfatta det, vart offret denne dagen øyremerka til dei etterlatne til den polske mannen som lenge var sakna, og til slutt vart funnen omkomen i Lodalen. Fleire i det polske miljøet var og aktivt med i leitinga etter mannen.

Besøket hjå katolikkane i Loen var ei fin oppleveling, og eg følte meg velkommen som besøkande. Å auke kunnskapen om kvarandre si tru vil vere av det gode. Kanskje skal vi i den "verdsvide" kyrkja våge å besøke kvarandre litt meir, både luthernarar og katolikkar. Vi kan starte i Loen!

*Messa i Loen var ikkje prangande på noko vis, snarare tvert om. Gjennom mest heile messa stod pateren i kordøra, med lesepulten og bordet med brød og vin til nattverden framføre seg. Kyrkjerommet vart elles lite utnytta i dei liturgiske ledda, men tekstlesarar vart henta frå kyrkjelyden. Nattverden vart utdelt ved såkalla intinksjon - dvs. at nattverdsgjestene kom fram i kordøra og fekk utdelt brødet. Etter katolsk skikk er det berre presten som drikk nattverdsvinen. Salmane denne dagen var og på polsk, og trass i manglende musikk, var kyrkjesongen likevel bra.*



## Initiativ frå kyrkje og lokalmiljø

Sokneprest Kjetil Netland fortel at initiativet til dette tilbodet for katolikkane i området kjem frå han og lokalmiljøet i Loen. Han kjende pater Dariusz frå før og då katolikkane vart klar over at ei bedrift i vårt område åleine sysselset rundt 200 slovakar, der dei fleste er katolikkar, bestemde dei seg for å opprette tilbodet. Soknerådet i Loen har også støtt tilbodet frå første dag. Utleige av kyrkja til dette føremålet har vore uproblematisk sett frå Den norske kyrkja si side. Utleigepraksisen er kome i stand i forståing med Bjørgvin biskop, og med unnatak for Førde, der katolikkane held til i bedehuset, er det utleige av kyrkjer samarbeidet baserer seg på i vårt fylke.

Nordfjord Kjøtt, som er arbeidsgjevar for mange av katolikkane har også ivra sterkt for tilbodet. Personalsjef Rita Eikenes fortel at



bedrifta er opptekne av at dei utanlandske arbeidarane skal trivast både i bygda og på arbeidsplassen, og at tilbodet til katolikkane difor er viktig også for dei som arbeidsgjevar. Dei har også sett verdien av tilbodet i praksis, ved at tilsette som har opplevd kriser har fått god hjelp og oppfølging av pater Dariusz.



# Fin gudsteneste i Oldedalen 15. mai.

Av Jakob Aaberg

Det vart ei innhaldsrik gudsteneste med barnedåp, vitjing av eit inspirerande songkor frå Møre og koseleg og lang kyrkjekaf-fistund. Etter at vi var ferdige i kapellet, skulle vi ut og sporte/trimme. 6 var på Kvamssetra, 7 var på "ramsløktur" på Kvame, 4 for til Brenndalen og songkoret for til Briksdalsbreen. Litt våte vart vi, men turfolk toler det. Vi var alle oppkveikte av ei god gudsteneste, og eit fint fellesskap. Denne årlege og vårlege trimprenga gudstenesta, har blitt ein tradisjon i Ljosheim.

## Innsamling til lysglobe i Olden nye kyrkje

Olden sokneråd har vedteke at ein skal gå til innkjøp av ein lysglobe til Olden nye kyrkje, prisn vert ca tolv tusen kroner. Dette er eit tiltak som mange set pris på og ynskjer. For å skaffe penger til dette ville det vere kjærkome med gåver frå minnekransar og andre private gåver.



*Korsong med trøkk i! Vaksenkoret Korahs frå Emblem/Ålesund-området gjesta våre bygder med levande korsong i mai. Korleiar Arild Berstad er både komponist, dirigent og musikalsk ansvarleg, og dei framførte eit variert repertoar for eit fullsett Ljosheim.*

Ljosheim i Oldedalen har meir å by på: 28. aug. kl. 19.00 skal vi ha nattverdgudsteneste i kapellet, etterpå vert det kveldsmat i

"Glashytta" på Yrineset. Dette har og vorte ein populær tradisjon, og vi håper mange kan vere med på den.

(Forts. frå side 5)

### ALLE:

Planen har som mål at alle borna på kvart alderssteg skal få invitasjon til arrangement og samlingar. Det kan vere invitasjon gjennom annonser, plakatar, brev, e-post, sms m.m.

### FORELDRE:

Foreldre og fadderar til dei borna som vert døypt har ansvar for at borna får opplæring. I heimane er det viktig at borna får oppleve kristne tradisjonar, lære bøner og songar og bli teken med til kyrkje, bedehus, speidarhytta, eller andre stader der Guds ord vert formidla.

### SKULEN:

Tidlegare tok skulen stort ansvar for opplæringa i kristendom. No skal timetalet i RLE-faget brukast på alle dei ulike verdsreligionane, og dermed vert undervisninga i kristendom redusert mykje. Kristendomsfaget gjev reell kunnskap.

### TILTAK:

Babysong, samlingar for dåpsfamiliar, gavéutdeling til dåpsborna, barnekor, Soul Children, 4- og 6-årsbok, Sprell Levande, søndagssku-le, barneforening, Tårnagenthelg, deltaking i gudstenester, Lys Vaken,, speidar, ungdomsklubb, konfirmantsamlingar, barneleir, korsamlingar, MITT-kurs, tensing-kor, barneleir, tenåringsleir m.m.

### MÅL:

Alle born og unge i aldersen 0-18 år i Indre Nordfjord skal få opplæring i den kristne trua.



Konfirmantspeiding

# Kjekk start på sommarferien

Av Hedda Håberg

Sogn og Fjordane KFUK-KFUM arrangerer leirar for alle born i barneskulealder på Nesholmen. Vi har to barneleirar for 1.-4.-klassingar, og ein aktivitetsleir for 5.-7.-klassingar. På kvar leir er det plass til omlag 80 ungar. Kanopadling, nye venner, programkveldar, hobbyaktivitetar, kveldsavslutningar, ro i båt, ballspel, bibelarbeid, leike ute og inne, bading og bålkveld er berre noko av det du kan oppleve på ein leir på Nesholmen. Her er det full fart frå morgon til kveld, og mykje kjekt å oppleve.

Nesholmen leirstad ligg som ei perle ved Storfjorden i Gloppe kommune. Her kan vi nytte alt naturen har å by på. Vi bur i koselege hytter på Holmen, badar ved svaberga eller på stranda

og kosar oss. I tillegg er det fotball-, basket-, og volleyballbaner, og det er laga til taubane i skogen. Inne skjer det også mykje



program, som t.d. forkynning, programkveld, deltagarkveld og andre aktivitetar. Ein leir på Nesholmen er alt anna enn kjedeleg!

I sommar kan du, i lag med mange andre, få vere med på sommarleir på Nesholmen! Pro-

grammet på leirane varierer noko, men hovudmålsetjinga er sjølvsagt at vi skal ha det kjekt i lag! På Nesholmen er det noko for alle!

Datoane for årets leirar er:  
Barneleir 1: 10.-12. juni (1.-4. klasse) Pris: 600,- for medl. i KFUK-KFUM, 700,- for andre. Barneleir 2: 17.-19. juni (1.-4. klasse) Pris: 600,- for medl. i KFUK-KFUM, 700,- for andre. Aktivitetsleir: 19.-22. juni (5.-7. klasse) Pris: 800,- for medl. i KFUK-KFUM, 900,- for andre.

Det er søskenrabatt på kr. 50,- frå og med søsken nr. to, uavhengig av kva sommarleir dei er

på. Avmeldingsgebyr: 100,-

Påmeldingsfristen er ute når du les dette, men ta gjerne kontakt for å høre om der er ledige plassar.: [www.kfuk-kfum.no/sfj](http://www.kfuk-kfum.no/sfj), eller på epost til [sfj@kfuk-kfum.no](mailto:sfj@kfuk-kfum.no).

## Tid for leir!

Frå Acta si leirbrosyre

No er det tid for sommarleirar på Fjordly! På sommarleirane møter du mange uteaktivitetar, som bading og båtliv, trampoline og fotball. Det er mange born og

ungdom å verte kjent med. På sommarleirane lærer vi meir om Jesus og hører spennande historier frå Bibelen. Vi griller pølse ved bålet, syng songar, lagar underhaldning og driv med hobbyaktivitetar.

Sommarleir er masse! Vil du vite meir om kva som skjer på leir og sjå bilete frå leirar, sjekk ut acta.as/sof.

Velkommen på leir!



For påmelding eller meir informasjon, ring oss på tlf. 57866349 eller på 92046349. Her er leir-menyen i sommar:

- Minileir - 17.-19. juni, 4-8 år, m. følgje.
- Sommarleir 1 - 23.-26. juni, 8-10 år.
- Sommarleir 2 - 30.6.-3.7., 10-12 år.
- Tenleir - 6.-10. juli, 13 år og oppover
- Sommartreff - 14.-17. juli, 23-38 år
- Familieleir - 21.-24. juli, Alle velkome!



# Salmen min

Det er fleire salmar i salmeboka som eg likar særskilt godt. Lina Sandell har blant anna skrive mange av dei salmane eg trivast med å synge. Ho var ei dame som opplevde mykje motgang. Det einaste barnet ho fekk, mista ho under fødselen, ho var vitne til at faren drukna medan dei var på båttur, dette var nokre av ei lang rekke vondé hendingar i Lina Sandell sitt liv. Likevel hadde ho ei urokkeleg sterk tru på at Gud var med ho i alt, og på gravsteinen hennar står det "tryggare kan ingen vara än Guds lille barnaskara". Ho skrev mellom 1700 – 2000 dikt, og flotte salmar som vitnar om håp og glede i vandringa saman med Jesus.

**Blott en dag** er ein fantastisk flott salme som betyr mykje for meg. Mormora mi sa alltid "vi får legge alt i Guds hender, han veit best han som styrer", eg syntes ofte dette var for enkelt, og kunne kjenne på irrita-



sjon over desse orda når eg var yngre. Men då vi opplevde å miste både onkelen vår og søskensbarnet vårt i to ulike drukningsulykker, og mormor begge gongene sa at "Gud var der saman med dei når det skjedde", byrja eg å kjenne at det var ein god tanke å ta med seg. No som eg har fått nokre år på bei-na kjenner eg ei stor trøyst i tanken på at Gud er med oss kvar einaste dag i liva våre, både i medgang og i

motgang. Når vi bær tungt står han klar å vil bære børa saman med oss. *Blott en dag* er ein salme som formidlar nettopp dette, at Gud er her, han strekker ut si Faderhand, i denne handa kan vi finne kvile, håp og styrke. Då er det berre om å gjere å huske på dette i vår eigen kvardag, for det har så lett for å bli slik at vi bær alt åleine og gløymer den utstrakte handa som alltid er der.

Eg utfordrar Eli Berg til å skrive neste innlegg med *Min salme*.

Linda Håøy

kl 14.00. Er veret fint, er vi ute, men ein kan og vere inne i Brekkestova om det trengst.

Blott en dag, ett ögonblick i sänder, vilken tröst, vad än som kommer på! Allt ju vilar i min Faders händer, skulle jag, som barn, väl ängslas då? Han som bär för mig en faders hjärta, han ju ger åt varje nyfödd dag dess beskärda del av fröjd och smärtä, möda, vila och behag.

Själv han är mig alla dagar nära, för var särskild tid med särskild nåd. Varje dags bekymmer vill han bära, han som heter både Kraft och Råd. Morgondagens omsorg får jag spara, om än oviss syns min vandrings stig. "Som din dag, så skall din kraft ock vara", detta löfte gav han mig.

Hjälp mig då att vila tryggt och stilla blott vid dina löften, Herre kär, ej min tro och ej den tröst förspilla som i ordet mig förvarad är. Hjälp mig, Herre, att vad helst mig händer, taga ur din trogna fadershand blott en dag, ett ögonblick i sänder, tills jag nått det goda land

## Samling på Brekka

Av Oddny Torheim

I 1974 starta Tor Holm med stølsmesse i Utvik. Dei første åra var samlingane på Verlo- og Myklebust-stølen. Etterkvart kom dei andre stølane i Utvik og Tistam med, i alt sju stykke. I år kom der ønske om at denne gudstenesta vert lagt til Brekka. Soknerådet imøtekom dette, og gudstenesta vert den 26. juni



Brekkestova på Utvikfjellet

Brekkestova er ei gammal stove frå Bottolvbruksbygda på Tistam, og den vart flytta dit i 1905. Tidlegare var

der stemne to gongar om sommaren, med frammöte frå mange bygder. Ta med niste og kopp, og gjerne også stol! Vi kosar oss etter gudstenesta med kyrkjekaffi og saft. Brekka ligg ved Den trondhjemske postvegen. Ein kan køyre mest fram frå skitrekket på Utvikfjellet. Nordfjordingar—ta turen til Brekka slik som i gamle dagar! Du er velkommen!

Foto: Bjørg Lee

# Oddny under open himmel

## FRAMDRIFT



**I skrivande** stund held vi på å avslutte påskhelga. Eg har lese ein del aviser og blad der personar har vorte intervjua om påska. Eg stansa ved ei uttale av biskop Olav Skjevesland. Han sa blant anna:

- Julen er påskens portal. Den sier at Jesus kom, mens påsken svarer på hvorfor. Forsoningen er i tre dimensjoner. Første og fremst er det Kristus som forsonet oss oppad med Gud. Dette bør få konsekvens i det horisontale ved at vi forsoner oss med hverandre. Og i det personlige ved at vi forsoner oss med oss selv.

**Påska** er over og våren gjer inntog. For nokre år sidan sende eg inn til Kyrkjeklokka eit bilde av to båtar. I den første sat seks personar, og ein av dei rodde. I den andre var like mange personar. Alle hadde sine årepar, og dei rodde i takt. Kven kom fortast og lettast framover? Du er vel ikkje i tvil. Samarbeid gjev framdrift.

**I år** feirer vi 10-årsjubileum for samanslåing av Santalmisjonen og Indremisjonen. Den nye organisasjonen fekk namnet Normisjon. Det skulle arbeidast for heime- og ytremisjon. Ein slik

fusjon av to store organisasjoner går ikkje heilt utan problem. I desse ti åra er mange kneikar overvunne, og ein har fått nye erfaringar. Mottoet for jubileet er: "Vi vil vidare".

**Eg håpar** at kyrkja også kan få bruke mottoet "Vi vil vidare". Kyrkja sitt trusopplæringsprosjekt er kome godt i gang. Det er sett inn eit stort arbeid med utarbeiding av planar og oppfølging. Midlar er løvvde og meir trengst. Eg har fått vore med på fleire nye tiltak for born og unge. Eg er glad for at foreldra har støtta godt opp om tiltaka. Også i dette arbeidet er der kneikar. Arrangement har vorte avlyst pga. liten oppsluttnad. Det er foreldra som har gjeve dåpsløftet. Ja, vil vil vidare. Det er kyrkja sitt store ønskje. For at der skal verte framdrift, må mange ta årane fatt og hjelpe til.

**Ser eg tilbake** på det siste året, så har eg møtt mange medarbeidarar. De har vore positive og gjort god arbeidsinnsats. Takk for det! Blant desse er årets konfirmantar. Takk for innsatsen dykker gjennom vinterhalvåret! De har møtt opp mange gongar,

vore villege og flinke. Kyrkja og bygda treng dykk og dykar innsats vidare.

Barn og ungdom er juvelar som må vernast og takast hand om, så vert det framdrift i arbeidet vårt. Bodskapen som vi skal dele, er livsviktig!



## Konfirmantjubileum for Vikane

Konfirmantjubileet for Vikane blir i år den 4. september i Utvik. 50-, 60-, og 70-årskonfirmantar får personleg innbyding

## Gudsteneste på Fjellstova

Den årlege gudstenesta for Utvik og Breim skal vere den 11. september kl. 14.00. I år er det Breim som er arrangør.

## Flott dugnadsinnsats!

30. april var det dugnad på kyrkjegarden i Innvik og 19. mai i Utvik. Begge stader vart det lagt ned ein imponerande innsats både ute og inne. Takk til alle som deltok også i år.!



Velfortent pause med kaffi og verdens beste platekake, ved dugnaden i Innvik.

Foto: Geir Ståle Vatnamo





Slekt  
skal følge  
slekters  
gang



## Oppstryn

### Døpte:

10/4 Thea Kveen. For. Ann Kristin Riise og Lars Helge Øvreflo Kveen

### Døde:

14/4 Synneve Elisa Tunold f. 1910  
16/5 Åsta Flo f. 1929

## Nedstryn

### Døpte:

6/2 Sara Sætre Loen. For. Rita Beate Sætre og Elias Loen  
20/2 Maja Oline Øvreberg. For. Hege Kathrin og Arild Øvreberg  
5/3 Trym Oliver Raudi Sætren. For. Monica Iren Raudi og Daniel Sætren  
6/3 Leah Solvik Sunde. For. Annelin Solvik og Jan Tore Sunde  
20/3 Iselin Angel Palag Tonning. For. Edelen Palag Tonning og Eivind Arne Tonning  
3/4 Melissa Sunde Søvik. For. Camilla Sunde og Ole-Johan Søvik

17/4 Karoline og Håvard Hjelmeseter Oppedal. For. Synnøve Friborg Hjelmeseter Oppedal og Martin Jarle Oppedal  
17/4 Ida Hjelmeseter Frøholm. For. Jorunn Hjelmeseter Frøholm og Otto Terje Frøholm  
17/4 Elias Berstad Hjellbakk. For. Siv-Randi Berstad og Knut Hennig Hjellbakk  
24/4 Oskar Waage Fure. For. Hilde Therese Fure og Anders Waage Nilsen

### Vigde:

5/3 Monica Iren Raudi og Daniel Sætren

### Døde:

8/2 Oddvar Kjell Kyrkjeeide f. 1934  
19/2 Anna Lunde f. 1918  
20/4 Asbjørn Havnen f. 1929  
18/5 Sigrunn Klara Fure f. 1927

19/5 Kåre Gunnar Øvreberg f. 1929

## Loen

### Døpte:

8/5 Rebecca Beinnes Strand. For. Janne Beinnes og Roger Strand

### Døde:

11/2 Frantisek Gubrica f. 1991

## Hornindal

### Døpte:

17/4 Aslak Alme Brendefur. For. Torill Merete Alme Brendefur og Erling Brendefur  
24/4 Eira Sofie Svor. For. Berit Wiedner og Rasmus André Svor  
24/4 Kristian Castaneda Lillestøl. For. Adela Castaneda Perez og Roger Andre Lillestøl  
24/4 Oskar Tomasdard. For. Marianne Hovden Tomasdard og Sebjørn Tomasdard

### Vigde:

21/4 Marianne Vellene og Stig Olav Lødemel

### Døde:

9/3 Magne Flore f. 1932  
29/4 Ola Knut Lillestøl f. 1944  
19/5 Randi Holmøy f. 1941

## Nordsida:

### Døpte:

20/2 Mikal Fjellkårstad Rygg. For. Aud Elin Fjellkårstad og Knut Ove Rygg

20/2 Peder Johannes Holko Gustavsen. For. Birthe Krogh Holko og Frank-Stian Gustavsen

### Døde:

18/2 Vigleik Bergset f. 1932  
6/2 Kåre Arne Roset f. 1943  
7/3 Sigmund Støve f. 1935

## Randabygd:

### Døde:

3/2 Elisabet Aaland f. 1920  
27/3 Per Arne Hopland f. 1963  
24/5 Marta Rand f. 1917

## Utvik

### Vigde:

30/4 Anders Olav Valaker og Lucy Entac Ariola.

### Døde:

26/3 Jon P. Tistahamar, f. 1919.

## Innvik

### Døpte:

20/2 Jardar Bruland Tonning. For: Geir Tonning og Elisabeth Bruland.  
13/3 Isak Tisthamar. For: Jon Kristian Tisthamar og Vivian Tisthamar.  
21/4 Selma Kvame Hauge. For: Bjarne Loftnes Hauge og Marianne Kvame.

### Døde:

31/1 Karl Teodor Thorsen, f. 1931.

16/4 Magne Frøholm, f. 1948.

## Olden

### Døpte:

6/3 Elise Marie Åsnes Skarstein. For: John Andreas Skarstein og Silje Åsnes Skarstein.  
3/4 Daniel Fløtre Melheim. For: Stig Melheim og Malin Fløtre.  
8/5 Rebecca Beinnes Strand. (Døpt i Loen) For: Roger Strand og Janne Beinnes.  
15/5 Magnus Bringslid Sollid. (Døpt i Ljosheim) For: Endre Sollid og Charlotte Ingeborg Bringslid.

### Døde:

13/3 Oddfrid Eide, f. 1948.  
26/4 Håkon Hafsås, f. 1927.  
24/5 Gudmund Hafsås, f. 1930.



# Søndag er kyrkjedag

## Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

### **17. juni; fredag**

Olden gamle kyrkje 08:45 Skulegudsteneste  
Utvik 10:00 Skulegudsteneste

### **19. juni; Treeinigsøndag – Joh 3, 1-15**

Nedstry 11:00 Gudsteneste ved Jon Ytrehorn  
Loen 11:00 Gudsteneste ved Harald Runde  
Prestestøylen, Innvik 14:30 Friluftsgudsteneste

### **26. juni; 2. s e pinse – Luk 16, 19-31**

Hornindal 11:00 Gudsteneste ved Erling Tronvik  
Utvik 14:00 Gudsteneste Nordsida 16:00 Gudsteneste ved Erling Tronvik

### **03. juli; 3. s e pinse – Luk 14, 16-24**

Selje kloster 11:00 Seljumannamessa  
Nedstry 20:00 Gudsteneste ved Harald Runde.

### **10. juli; 4. s e pinse – Luk 15, 1-10**

Oppstryn 11:00 Gudsteneste ved Trond Lilleheim  
Olden 11:00 Gudsteneste Kvalen, Randabygd 14:00 Friluftsgudsteneste ved Trond Lilleheim

### **17. juli; 5. s e pinse – Matt 7, 1-5**

Nedstry 11:00 Gudsteneste ved Trond Lilleheim  
Innvik 11:00 Gudsteneste

### **24. juli; 6. s e pinse – Aposteldagen – Luk 5, 1-11**

Loen 11:00 Gudsteneste ved Jon Ytrehorn  
Nordsida 11:00 Gudsteneste ved Trond Lilleheim  
Utvik 16:00 Gudsteneste ved Jon Ytrehorn

### **29. juli; Olsok – Luk 22, 24-27**

Olden gamle kyrkje 19:00  
Gudsteneste ved Trond Lilleheim  
Oppstryn 20:00 Gudsteneste

### **31. juli; 7. s e pinse – \*Mos 30, 11-16**

Nedstry 11:00 Gudsteneste Hornindal 11:00 Gudsteneste ved Trond Lilleheim  
Innvik 20:00 Gudsteneste ved Kjetil Netland

### **07. august; 8. s e pinse – Mark 8, 1-9**

Utvik 11:00 Gudsteneste ved Kjetil Netland  
Randabygd 11:00 Gudsteneste ved Trond Lilleheim  
Flofjellet 12:00 Friluftsgudsteneste ved Svein Runde  
Svor museet, Hornindal 12:30 Friluftsgudsteneste

### **13. august; Laurdag**

Friluftsgudsteneste ca. kl 12.30 på Skåla, i samband med Skåla Opp.

### **14. august; 9. s e pinse – Matt 7, 15-20**

Nedstry 11:00 Gudsteneste Nordsida 11:00 Gudsteneste ved Trond Lilleheim. Nattverd

Loen 20:00 Gudsteneste. Takkoffer til Normisjon

### **21. august; 10. s e pinse – \***

**1. Kor 3, 10-17**  
Olden 11:00 Gudsteneste.  
Hornindal 11:00 Gudsteneste ved Gunnar Skrede. Konfirmantjubileum.

### **24. august; onsdag**

Randabygd Kyrkjekonsert

### **28. august; 11. s e pinse – Luk 19, 41-48**

Oppstryn 11:00 Presentasjonsgudsteneste  
Innvik 11:00 Presentasjonsgudsteneste  
Randabygd 11:00 Presentasjonsgudsteneste ved Trond Lilleheim  
Nedstry 19:00 Presentasjonsgudsteneste.

### **04. september; 12. s e pinse – Luk 18, 09-14**

Loen 11:00 Presentasjonsgudssteneste  
Utvik 11:00 Presentasjonsgudssteneste  
Nordsida 11:00 Presentasjonsgudssteneste

### **11. september; 13. s e pinse – Mark 7, 31-37**

Nedstry 11:00 Gudsteneste  
Olden 11:00 Presentasjonsgudsteneste  
Hornindal 11:00 Presentasjonsgudsteneste  
Utvikfjellet, kafeen 14:00 Fellesgudsteneste med Gloppe  
Loen, Nesodden 15:00 Friluftsgudsteneste

# Fest i kyrkja

Av Oddny Torheim

Gjennom året har vi mange gudstenester som vi kan kalte fest i kyrkja. Ei av dei finaste er palmesøndag. Då går borna inn i prosesjon med bukettar med nyutsprungne påskeliljer. Så tonar påskebodskapen ut i songen frå Barnekoret. Gjennom innhaldet i tekstane vert vi med på inntoget til Jesrusalem der vi høyrer eit Hosianna-rop.

Utvik har lagt utdeling av 6-årsboka til denne søndagen. I år var det 5 born som fekk boka. Det var Lieke Winkelhorst, Alva Johanne Hegdal, Katrine Bruland, Mathea Carlsen og Elias Tisthamar. På same tid som gudstenesta er innleiinga til påska, så er det ei misjonsgudsteneste for oss. Offeret går til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali. Ved utgangen er det utdeling av påskeliljer og ønske om God påske!

## SYNG HÅP SONGAR FRÅ DEN VERDSVIDE KYRKJA

Den 1. mai var det ei flott og særprega gudsteneste i Nedstryn-kyrkja. Sindre Eide og Estrid Hessellund har i fleire år samla songstoff frå heile i verda og bl.a gjeve ut to songbøker som heiter Syng Håp 1 og

Syng Håp 2. Gudstenesta denne søndagen var ein kombinasjon av 1. mai-, speidar- og Syng Håp-gudsteneste og dei flotte songskattane var med å prege gudstenesta frå start til slutt. Dagen før arrangerte Sindre og Estrid korseminar på Stryn ungdomsskule, der ein fekk høve til å øve inn dei songane som skulle brukast i gudstenesta. Strynespeidarane sette også sterkt preg på gudstenesta med prosesjon, tekstlesing og musikalske innslag.



Frå v. Sindre Eide, Henny Koppen og Estrid Hassellund.

Foto: Tore Bøe

**Vi ønskjer ein god sommar  
til alle våre leasarar!**

## KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sagrusten

Neste nummer får du i postkassa i midten av september. Redaktør blir Rune Berglid.  
Stoff kan sendast på e-post til [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 31. august.